
Saksnr: 2021/1290-2
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad

Saksgang

| Utval | Utv.saksnr. | Møtedato |
|---------------|-------------|------------|
| Fylkesutvalet | | 09.02.2021 |

Høyrings svar - forslag til endringar i lov om interkommunale selskap

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag om endringar i lov om interkommunale selskap.
2. Vestland fylkeskommune meiner kommunal- og moderniseringsdepartementet bør fremme forslag om høve til å ha fjernmøte òg for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).

Samandrag

Vestland fylkeskommune er høyringsinstans til kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt forslag om endringar i lov om interkommunale selskap. Fylkesrådmannen støttar departementet sitt forslag til endringar, som inneber høve til å ha fjernmøte og elektronisk signatur av møteprotokoll.

Fylkesrådmannen meiner departementet bør fremme forslag til endring i kommunelova kva gjeld høve til å ha fjernmøte òg for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Høring - Forslag til endringer i lov om interkommunale selskaper
- 2 Høringsnotat om oppfølging av midlertidig lov - endringer(1328710)

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Departementet foreslår å gi representantskapet og styret i interkommunale selskap moglegheit til å ha fjernmøte samt signere møteprotokollar ved bruk av elektronisk signatur.

Interkommunale selskap har høve til dette i dag som følge av ein midlertidig lov med unntak frå mellom anna lov om interkommunale selskap, som følge av covid-19. Den midlertidige lova vert oppheva 1. juni 2021, og departementet foreslår å vidareføre desse unntaka som ei varig løysing.

Lovendringane skal kunne tre i kraft 1. juni 2021 når den midlertidige lova vert oppheva. Dette er bakgrunnen for at høyringa vert gjennomført på fire veker, med høyringsfrist 12. februar 2021.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet gir høyringsuttale, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 7.

Vurderingar og verknader

Permanent høve til fjernmøter for interkommunale selskap

I høyringsnotatet syner departementet til høyringsinnspel til dei midlertidige føresegnene, som gir ein indikasjon på at desse har fungert godt. Departementet har òg motteke innspel frå Samfunnsbedriftene, som meiner at det er ønskeleg med og trong for permanent endring.

Etter departementet si vurdering, vil endringa bidra til å skape meir likskap mellom saksbehandlingsreglane for kommunale organ og interkommunale samarbeid i kommunelova, og organa i interkommunale selskap. I høyringsnotatet syner departementet til vurderingar i førearbeida til kommunelova (Prop. 46 L (2018-2019) punkt 17.4.8) om at dagens teknologi gir gode og sikre løysingar for å gjennomføre møte der alle kan sjå og høyre kvarandre og større moglegheit for at alle likevel kan delta på møtet sjølv om nokon har lang reiseveg. Departementet syner til at dei same omsyna gjer seg gjeldande for interkommunale selskap òg i normalsituasjonen. For dei store selskapa som består av mange kommunar over eit stort geografisk område, kan moglegheita for å gjennomføre møte som fjernmøte vere praktisk viktig.

Fylkesrådmannen støttar departementet sine vurderingar.

Høve til å nytte elektronisk signatur for å signere protokollar frå møte i representantskapet, styret og eventuelle avviklingsstyre

Departementet viser til at aksjelova godkjenner elektronisk signering for styreprotoller, samt at elektronisk signering nå òg er likestilt med signatur på fleire andre område. Endringa vil lette arbeidet i desse organa og bidra til meir effektiv og forenkla prosess med å sikre signerte møteprotokollar.

Fylkesrådmannen støttar departementet sine vurderingar.

Vurdering av om reglane i kommunelova om fjernmøte i saker for lukka dører skal verte endra

Midlertidig lov om unntak frå kommunelova og IKS-lova gir unntak som opnar for at alle saker som går for lukka dører kan verte behandla i fjernmøte fram til 1. juni 2021.

Departementet har i høyringsnotatet vurdert om det er grunnlag for å gjere unntaket permanent, men finn ikkje grunnlag for dette. Departementet syner til at dersom pandemisituasjonen held fram, vil det vere aktuelt å forlenge midlertidig lov. Dersom liknande situasjon seinare skulle oppstå, vil det vere aktuelt å vedta forskrift som gir utvida opning for fjernmøte med heimel i kommunelova § 11-7.

Fylkesrådmannen meiner at det vil vere hensiktsmessig å ha ein fast og varig regulering som i særskilde tilfelle gir høve til fjernmøte òg for saker som vert lukka etter kommunelova § 11-5 (2), altså saker om arbeidstakers tenesteforhold eller saker med opplysningar omfatta av lovbestemt tieiplikt. Særskilde tilfelle kan til dømes vere naturkatastrofar eller transportstreik. For eit fylke som

Vestland, med vid geografisk spreiring av dei folkevalde, vil slike situasjonar kunne innebere store vanskar med gjennomføring av fysiske møte.

Fylkesrådmannen er difor ikkje samd i departementet sin konklusjon, og meiner at departementet på eit seinare tidspunkt bør fremme forslag om endring i kommunelova kva gjeld høve til å halde fjernmøte òg for saker som skal vere lukka, jf. kommunelova § 11-5 (2).

Konklusjon

Fylkesrådmannen støttar departementet sitt forslag til endring i lov om interkommunale selskap. Fylkesrådmannen meiner at departementet òg bør fremme forslag til endring i kommunelova kva gjeld høve til å halde fjernmøte for saker som skal vere lukka etter kommunelova § 11-5 (2).